



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Samfunnshuset i Volda
Dato: 08.05.2020
Tid: 13.00 – 14.45

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solfrid Førde	Leiar	
Inge Alexander Bruheim	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Inger Gjengedal Håvik	Medlem	
Inghild Remøy	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Pål Ruben Seljeset Tomasgard	Medlem

Vara som møtte:

Namn
Anne Helen Sundalsfoll

Frå Vest Kontroll/ andre møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Jorunn Sandal	Spesialrådgjevar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon og Vestland Revisjon KO møtte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor i Søre Sunnmøre kommunerevisjon
Haldor Sunde	Revisor i Vestland Revisjon KO

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef i Volda kommune
Brita Sollid	Rådgjevar økonomi i Volda kommune

SAKLISTE

- SAK 16/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 17/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 18/20 MELDINGAR
- SAK 19/20 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 20/20 REVISOR SI VURDERING AV UAVHENGIGHEIT HORNINDAL KOMMUNE
- SAK 21/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 – HORNINDAL KOMMUNE
- SAK 22/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 – HORNINDAL KOMMUNE
- SAK 23/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 – VOLDA KOMMUNE
- SAK 24/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 – VOLDA KOMMUNE
- SAK 25/20 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/20	033	20.03.2020	08.05.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Inghild Remøy.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/20	049	20.03.2020	08.05.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 24.02.2020.

Vedlegg

1. Møteprotokoll frå møta 24.02.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/20	033&17	22.04.2020	08.05.2020	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå bladet Kommunal økonomi, nr 3. 2020 – «Ny inkassolov raserer kommunal innkreving».
2. Notat frå Advokat Kvammen, av 03.02.2020. «Møtegodtgjørelse m.v. til representantskap i IKS».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/20	033&58	29.04.2020	08.05.2020	KS+

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside -
<https://innsyn.volda.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&fradato=2020-01-01T00:00:00> og på www.vor.no .

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Byggenemnda:	24.01	24.02			
Eldrerådet:		03.02			
Fellesnemnd for nye Volda kommune:					
Formannskapet:	04.02	13.02	03.03	17.03	26.03
Kommunestyret:		13.02			
Partsamansett utval:					
Råd for likestilling av msk. med nedsett funksj:	03.02				
Sakkyndig nemnd, eigedomskatt:					
Tenesteutval for forvaltning og utvikling:	28.01	25.02	31.03		
Tenesteutval for helse og omsorg:		30.01	27.02	02.04	
Tenesteutval for oppvekst og kultur:	29.01	29.01	26.02	01.04	17.04
Ungdomsrådet:		05.02	11.03		
Valstyret:					
Valutval:		13.02			
VØR styret:		04.02	24.03		
VØR representantskapet:					

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/20	216	28.04.2020	08.05.2020	JS

REVISOR SI VURDERING AV UAVHENGIGHEIT HORNINDAL KOMMUNE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheitsvurdering til vitende.

Vedlegg

Revisor si vurdering av uavhengigheit av 24.04.2020

Saksopplysningar

Ny kommunelov og ny Forskrift om kontrollutval og revisjon stiller slike krav til vedkomande uavhengigheit:

Kommunelova:

§ 24-4.Revisors uavhengighet og vandel.

Revisor skal være uavhengig og ha god vandel.

Forskrifta:

§ 16.Krav til revisors uavhengighet.

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Vestland Revisjon har i brev av 17.04.2020 v/oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor Asgeir Tveit gitt vurdering i samsvar med lovverket. Ein viser til brevet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/20	216	28.04.2020	08.05.2020	JoS

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 HORNINDAL KOMMUNE

Samrøystes vedtak:

Ut over det som kjem fram nedanfor har Kontrollutvalet, ut frå kjende opplysningar, ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2019.

Opplysning

Tre revisjonseiningar for kommunar og Sogn og Fjordane Fylke er gått saman i Vestland Revisjon frå 01.01.2020. Kommunerevisjonen i Nordfjord har utført revisjonsarbeidet gjennom året. Vestland Revisjon har gjennomført årsoppgjersrevisjonen. Tidlegare oppdragsansvarleg revisor for Hornindal Kommune er pensjonert. Det er derfor blitt ny oppdragsansvarleg revisor som har signet revisjonsmeldinga for 2019.

Saksopplysningar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre. Vi har ikkje motteke dokumentasjon frå revisjonen om utført arbeid. Vi føreset at tilsette frå revisjonen gjev orientering i møtet, både om arbeidet gjennom året og om årsoppgjersrevisjonen.

I Kommunelova frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgave er utdjupe i kontrollutvalgsforskrifta som var heimla i kommunelova frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I Kommunelova av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3.Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruks og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.
Ny oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Kvalifikasjonskrav og praksis er dermed følgt opp.
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg.
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Vandelsattest er nødvendig for å få registrering.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.
Oppdragsansvarleg revisor har levert skriftleg eigenvurdering 24.04.20, sjå sak 20/20.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.
Revisor si uavhengigheitserklæring er fersk, sjå punkt 3.
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.
*Kommunerevisjonen i Nordfjord har gjennomført revisjonen gjennom året og Vestland Revisjon årsoppgjersrevisjonen.
Kontrollutvalet og Sekretariatet har pr no kun kort tids erfaring med Vestland Revisjon. Vår kjennskap til kva revisjonsarbeidet omfattar er opparbeida gjennom, utdanning, yrkeserfaring og erfaring med Kommunerevisjon i Nordfjord.
Vi har etterspurt, men ikkje motteke skriftleg dokumentasjon for revisjonsarbeidet.
Siste kvalitetskontroll av Kommunerevisjonen i Nordfjord frå Norges Kommunerevisorsforbund NKRF var i 2017. Kvalitetskontrollen blei gjort på einiga generelt. Vi har fått munnleg opplyst frå tidlegare oppdragsansvarleg revisor at kontrollen ikkje spesifikt retta seg mot revisjonsarbeidet for Hornindal Kommune.
Kontrollen avdekkar vesentlege feil og manglar. Oppfølging med nye kontrollar blei gjennomført i 2018 og 2019. Siste oppdatering frå NKRF pr. 25.11.19 viser at forholda er betra og kvalitetskontrollen no er godkjent.
Tilsette i Vestland Revisjon vil vere tilstades i møte og orientere og svare på spørsmål.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.
Kontrollutvalet har ikkje hatt samarbeidsavtale med Kommunerevisjonen i Nordfjord.. Frå 2020 vil avtale med Søre Sunnmøre Kommunerevisjon vere gjeldande.
7. Revisjonsstrategi.
Vi har ikkje fått informasjon om revisjonsstrategi. Av protokollar for 2019 kan vi ikkje sjå at dette er lagt fram for Hornindal Kontrollutval.
8. Nummerert brev.

Tilsett i revisjonen har opplyst at Kontrollutvalet ikkje har motteke nummerert brev for året.

9. Mislegheiter.
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.
10. Revisjonsmeldinga.
Revisjonsmelding datert 27.04.2020 ligg føre.
11. Revisor sin møteplikt og møterett.
Ettersom Vest Kontroll ikkje ikkje var kontrollutvalgssekretariat for Hornindal Kommune har vi ikkje kjennskap til i kva grad revisor si møteplikt har blitt etterlevd.
12. Revisor sin opplysningsplikt.
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og Kontrollutvalet burde hatt.
Revisor blir tilstades i Kontrollutvalsmøtet.*

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/20	212	30.04.2020	08.05.2020	JoS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 HORNINDAL KOMMUNE

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 27.04.2020.
2. Kontrollutvalet meiner at Hornindal Kommune sin årsrekneskap kan godkjennast.
Årsrekneskapen viser eit netto negativt driftsresultat på kr -4 565 306 og eit rekneskapsmessig mindre/meirforbruk kr 0

Årsrekneskapen er sett saman av:

- balanse per 31.12.2019
- driftsrekneska
- investeringsrekneskap
- økonomiske oversikter
- notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp.

Driftsrekneskapen viser at kommunen totalt har hatt 86 307 251 til fordeling/disposisjon.

I møtet

Rådgjevar økonomi, Brita Sollid orienterte og svara på spørsmål.

Vedlegg

1. Revisjonsmelding 2019 datert 27.04.2020
2. Rekneskap 2019
3. Årsmelding 2019

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2019. Rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk på kr 0.

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2019 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak.
- Men revisor **presiserar** at det er krav om budsjettregulering når budsjettføresetnadane endrar seg gjennom året. Det burde vore kommunestyrevedtak for auka bruk av disposisjonsfond i driftsbudsjettet.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Årsrekneskap 2019

Årsrekneskapen inneheld dei obligatoriske skjema.

- ✓ Driftsrekneskapet med oversikt over avvik mellom rekneskap og budsjett finn ein i Rekneskapsskjema 1A på side 7.
- ✓ Investeringsrekneskapet med oversikt over avvik mellom budsjett og rekneskap finn ein i Rekneskapsskjema 2A på side 8.
- ✓ Det er ikkje ubrotten nummerrekke på notane. Revisor gir forklaring i møtet.
- ✓ Ein viser elles til rekneskapsdokumentet.

Årsmelding

I årsmeldinga frå tidlegare rådmann er kommunen sin økonomiske situasjon omtala på side 5. Det har vore overforbruk på sektorane. Resultatet av drifta er negativ med kr 4 565 306. Det er brukt av fond for å balansere det rekneskapsmessige resultatet til kr 0.

- Vi vil spesielt peike på at netto resultatgrad er negativ med 3,84% av brutto driftsinntekter. Normtalet er +1,75%.
- Likeeins vil vi peike på lånegjelda pr innbyggjar i Hornindal som utgjer kr 143 717 Dette er langt over gjennomsnittet for kommunar i Sogn og Fjordane kr 97 930 og landsgjennomsnittet som er kr 72 360

Avslutning

- Det kjem ikkje fram noko atterhald, men **ei presisering**, sjå ovanfor
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift
- og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- Revisjonen har elles ingen merknadar til det framlagde rekneskap for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/20	216	29.04.2020	08.05.2020	JoS

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 VOLDA KOMMUNE

Samrøystes vedtak

Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2019.

Vedlegg

Rapportar frå revisjonen B- dokument. **(Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk).**

Saksopplysningar

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen vert gjort merksam på ein del tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova § 77 nr 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året i møtet.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i vegleiareren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Kvalifikasjonskrav og praksis er dermed fulgt opp.
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Vandelsattest er nødvendig for å få registrering.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit
Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for 2019.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet
Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig. Revisor skal vurdere sin uavhengigheit fortløpande.
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar er gjennom utdanning og yrkesutøving, erfaring med revisjonseiningar, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon var i 2016 – og resultatet vart formidla til kontrollutvalet som melding.
I tillegg ligg det føre B-dokument frå revisjonen, sjå vedlegg.*

Dette dokumentet er omfattande og detaljert, og omhandlar revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2019-rekneskapen.

Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med påsjå-ansvar overfor revisjonen.

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
Gjeldande lov og forskrifter har vorte lagt til grunn. Avtale er inngått, og gjeld frå 01.01.2015.
7. Revisjonsstrategi/planlegging.
Revisor har utarbeida revisjonsplanlegging for 2019. Kontrollutvalet har hatt den til handsaming i sak 23/19.
8. Nummerert brev
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2019.
9. Mislegheiter
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i 2019.
10. Revisjonsmeldinga
Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 17.04.2020.
11. Revisor sin møteplikt og møterett
Revisor har følgd sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt
Det er ikkje grunn til å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/20	212	28.04.2020	08.05.2020	JOS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 VOLDA KOMMUNE

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 17.04.2020.
2. Kontrollutvalet meiner at Volda kommune sitt årsrekneskap kan godkjennast. Årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr. 71 203 099 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 4 492 593

Årsrekneskapen er sett saman av:

- balanse per 31.12.2019
- driftsrekneskap
- investeringsrekneskap
- økonomiske oversikter
- notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp.

Driftsrekneskapen viser at kommunen totalt har hatt kr 620 145 700 til disposisjon, men har fordelt/brukt kr 615 653 537 på rammeområda.

3. Kontrollutvalet støttar rådmannen sitt forslag til disponering av det rekneskapsmessige resultatet. Rekneskapsmessig resultat (mindreforbruk/overskot) på kr 4 492 563 vert sett av til disposisjonsfond.

I møtet

Økonomisjef, Kari Mette Sundgot orienterte og svarte på spørsmål.

Vedlegg

1. Revisjonsmelding
2. Årsrekneskap 2019
3. Årsmelding 2019

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding for 2019. Rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 4 492 563 (kr 4 630 549 i 2018).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2019 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Årsrekneskap 2019

Innholdslista finn ein på side 1.

Årsrekneskapen inneheld dei obligatoriske skjema.

- ✓ Driftsrekneskapet med oversikt over avvik mellom rekneskap og budsjett finn ein i Rekneskapsskjema 1A på side 2.
- ✓ Investeringsrekneskapet med oversikt over avvik mellom budsjett og rekneskap finn ein i Rekneskapsskjema 2A på side 4.
- ✓ Notane, nr 1-16, gir god informasjon. Dei finnast på side 13-32.
- ✓ Ein viser elles til rekneskapsdokumentet.

Årsmelding

Årsmeldinga frå rådmannen er interessann lesnad. Side 87 og utover omhandlar kommunen sin økonomiske situasjon.

- Vi vil spesielt peike på at netto resultatgrad er lavare enn normtalet og er negativt med 1,3%, side 88.
- Likeeins vil vi peike på lånegjelda som er kr 1,3 milliard pr. 31.12.2019, side 92.
Lånegjeld pr innbyggjar i Volda utgjer kr 145 022
Dette er lang over landsgjennomsnittet som er kr 72 360

- Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter (side 103) utgjør 144,4%.
Gjennomsnittet for Møre og Romsdal er 111,7%,
medan kommunar i same Kostra-gruppe utgjør 103,7%

Avslutning

Revisjonsmeldinga:

- Det kjem ikkje fram noko atterhald eller presisering. Men revisor peikar på at premieavviket som framkom i samband med pensjonskostnader ikkje er eit reelt krav.
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift
- og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- Revisjonen har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/20	033	23.04.2020	08.05.2020	KS/JS

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET I VOLDA 2020

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplan for kontrollutvalet 2020 til vitende.

I møtet

Dagleg leiar Jostein Støylen orienterte.

Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2020.

Møtet slutt.

Solfrid Førde
Leiar

Inghild Remøy
Medlem

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte